



**Møteprotokoll  
for  
Utval for levekår**

**Møtedato:** 28.11.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00 – 15.00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	V
Tom Inge Karlsen	AP
Øystein Berland Blom	H

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Helge Kvam

Rådmann Martin Kulild, Astrid Rongevær (Utdanningsforbundet), rektor Rolf Inge Fyllingsnes, rektor Magne Lædre, rektor Hogne Brunborg, rektor Hilde B. Hugaas, rektor Irene H. Hugaas, skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen i sak 75/2017

1.sekretær Merete Fløysand i sak 76/2017 og 77/2017

Leiar heimetenesta Britt Romarheim i sak 78/2017

Leiar kultur Eirik B. Utne i sak 79/2017 t.o.m. 86/2017

Ordførar Øyvind Oddekalv i sak 87/2017

**Sakliste**

**Saknr**      **Tittel**

72/2017      Godkjenning av innkalling og sakliste

73/2017      Godkjenning av møtebok

- 74/2017 Referatsaker
- 75/2017 Årleg rapport om tilstanden i grunnsopplæringa (læringsresultat og læringsmiljø) 2016-2017
- 76/2017 Tilsyn med sal av tobakksvarer fra 01.01.2018 - Tilsynsavgift
- 77/2017 Uttale - Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - nettsal v/NG Meny Vest AS
- 78/2017 Orientering status sjukeheim og heimeteneste
- 79/2017 Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt
- 80/2017 Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - rullering av handlingsplan for 2018
- 81/2017 Retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, revidering 2017
- 82/2017 Idrettspris for unge utøvarar i Meland
- 83/2017 Idrettsstipend i Meland kommune
- 84/2017 Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 - Meland kommune
- 85/2017 Søknad om støtte til vidare drift av gospelkoret Felix Vocalis
- 86/2017 Søknad om tilskot til BMX-bane
- 87/2017 Aktuelle saker

## **72/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Sak 81/2017 vart handsama etter sak 86/2017.

### **ULK - 72/2017 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **73/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 73/2017 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjent.

---

## **74/2017: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Skrivet "Resultat på nasjonale prøver i lesing" frå Meland ungdomsskule vart delt ut i møte.

### **ULK - 74/2017 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **75/2017: Årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa (læringsresultat og læringsmiljø) 2016-2017**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret drøftar rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø»

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Alternativt framlegg frå Stian Lavik:

Kommunestyret tek rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø til vitande. Ein viser vidare til viktigheita av å halda fram satsinga på valde mål og innsatsområde.

### **Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Stian Lavik (Krf) fekk **6 røyster for og 0 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 AP, 1 H, 1 Uavh. og 1 MDG), og vart **samrøystes vedteke**.

### **ULK - 75/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret tek rapport om tilstanden i grunnopplæringa, knytt til læringsresultat og læringsmiljø til vitande. Ein viser vidare til viktigheita av å halda fram satsinga på valde mål og innsatsområde.

---

## **76/2017: Tilsyn med sal av tobakksvarer fra 01.01.2018 - Tilsynsavgift**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner:

- at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar.
- at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for midertidige salsstader for tobakksvarer.

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 76/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner:

- at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogater til forbrukar.
  - at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for midertidige salsstader for tobakksvarer.
- 

## **77/2017: Uttale - Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 - nettsal v/NG Meny Vest AS**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for levekår er positiv til at salsløyve via netthandel for alkohol gruppe 1 vert gitt om vilkåra for bevillingen er i samsvar med alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan samt at gjeldande prosedyrer vert følgde. Det er viktig at fysisk tilgjenge av alkohol ikkje vert auka ved at kundane berre kan få utlevert alkohol innanfor gjeldande salstider i kommunen. Kontrollrutinane ved heimlevering av alkohol må vere ivaretekne på same måte som ved sal i butikk»

### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Alternativt framlegg frå Stian Lavik:

Utval for levekår er negativ til at salsløyve via netthandel for alkohol gruppe 1 vert gitt. Dette vil auka den fysiske tilgangen på alkoholhaldig drikk, då ein ikkje lenger treng å dra fysisk til butikken for å kjøpe. Det vert også stilt spørjeteikn ved kor lett det er å kontrollera om personar som allereie er rusa i heimen sin kan bestilla/kjøpa alkohol via nettet.

#### **Avrøysting:2**

Endringsframlegget frå Stian Lavik (Krf) fekk **2 røyster for** (1 Krf, 1 Sp) og **4 røyster mot** (1 MDG, 1 Uavh., 1 AP og 1 H), og **fall**.

Administrasjonen sitt framlegg fekk **4 røyster for** (1 MDG, 1 Uavh., 1 AP og 1 H) og **2 røyster mot** (1 Krf, 1 Sp), og vart **vedteke**.

#### **ULK - 77/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår er positiv til at salsløyve via netthandel for alkohol gruppe 1 vert gitt om vilkåra for bevillingen er i samsvar med alkohollova og Alkoholpolitisk handlingsplan samt at gjeldande prosedyrer vert følgde. Det er viktig at fysisk tilgjenge av alkohol ikkje vert auka ved at kundane berre kan få utlevert alkohol innanfor gjeldande salstider i kommunen. Kontrollrutinane ved heimlevering av alkohol må vere ivaretekne på same måte som ved sal i butikk.

---

### **78/2017: Orientering status sjukeheim og heimteneste**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon frå sjukeheim og heimteneste til vitande.

### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Skriva "ULK - Kapasitet/behov omsorg per 24. november 2017" og "Utfordringar personalsituasjonen" vart delt ut i møte.

#### **ULK - 78/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon frå sjukeheim og heimteneste til vitande.

---

**79/2017: Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt, slik den ligg ved saka.

**28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

**ULK - 79/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt, slik den ligg ved saka.

---

**80/2017: Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - rullering av handlingsplan for 2018**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

**28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

**ULK - 80/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

---

**81/2017: Retningslinjer for kulturmidlar i Meland kommune, revidering 2017**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner at retningslinene for Kulturmidlar i Meland kommune vert endra på punkt 1, 1.2 A-E, 1.3 og 2, slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i retningslinene frå februar 2015.

#### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

##### **ULK - 81/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner at retningslinene for Kulturmidlar i Meland kommune vert endra på punkt 1, 1.2 A-E, 1.3 og 2, slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i retningslinene frå februar 2015.

---

#### **82/2017: Idrettspris for unge utøvarar i Meland**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner oppretting av Idrettspris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

#### **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

##### **ULK - 82/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner oppretting av Idrettspris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

---

#### **83/2017: Idrettsstipend i Meland kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner å opprette Idrettsstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 83/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner å opprette Idrettsstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

---

## **84/2017: Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 - Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av innkomne søknadar i tråd med grunngjevinga i vurderinga og etter føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune.

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 med følgjande prioritering: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 84/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av innkomne søknadar i tråd med grunngjevinga i vurderinga og etter føresetnadane i Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune.

Utval for levekår godkjenner at det vert sendt vidare søknad til Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2017/18 med følgjande prioritering: (1) Kjell Hjertås/tømra uthus ved Holmestova, (2) Gripen gard ved Helene Olli Sollid, sikring av eldhus, (3) Georg Claussen og Holsnøy kystlag, ferdigstilling av rehabiliteringa av Prestebryggja på Husebø.

---

## **85/2017: Søknad om støtte til vidare drift av gospelkoret Felix Vocalis**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til søkjar Felix Vocalis ved leiar Merete Husebø, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, 1.2-E.



## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 85/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til søkjar Felix Vocalis ved leiar Merete Husebø, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, 1.2-E.

---

### **86/2017: Søknad om tilskot til BMX-bane**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår avslår søknaden frå Austebygda Fritidspark, ved nestleiar Morten Røstad. Søkjar vert oppmoda til å vurdere finansieringsplanen på nytt, saman med eigen framdriftsplan, og komme tilbake med ny søknad til dei ålmenne kulturmidlane med frist 1. mars.

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 86/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår avslår søknaden frå Austebygda Fritidspark, ved nestleiar Morten Røstad. Søkjar vert oppmoda til å vurdere finansieringsplanen på nytt, saman med eigen framdriftsplan, og komme tilbake med ny søknad til dei ålmenne kulturmidlane med frist 1. mars.

---

### **87/2017: Aktuelle saker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **28.11.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

1. Kjersti V. Nesse (Ap) viser til sak 71/2017 Aktuelle saker, pkt. 3: Etterspør status. Leiar tenestoområde kultur, Eirik Utne, gav ei orientering og det kjem sak på tema i Utval for levekår våren 2018.
2. Stian Lavik (Krf) viser til sak 71/2017 Aktuelle saker, pkt. 2 og 4: Etterspør status. Ordførar Øyvind Oddekalv gav ei orientering.
3. Ordførar Øyvind Oddekalv orienterte om status vedrørende kommandantbustad på Håøy. Det har vore samtalar med Bergen og Omland Friluftsråd. Ein vil invitere ulike lag/organisasjonar med fleire til å drøfte interesse for å ta vare på/restaurere og forvalte bygget. Ein vil invitere utover eigen kommune.
4. Utval for levekår viser til sak 75/2017: Ein ber administrasjonen ta kontakt med administrasjonen

ved Danielsen Ungdomsskule Frekhaug, for å invitere dei til eit fellesmøte med Utval for levekår  
30.01.2018.

**ULK - 87/2017:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

---